

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2014 46. årg.



Framtid og håp

side 6



Takknemleg

side 4



Slik starta ungKyrkja

side 12



Litt trist fest...

side 16

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 970 99 661
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon: Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18
Sekretær Bryne sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Time sokneråd:
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Sekretær Undheim sokneråd:
Hanne Brit Sandsmark tlf. 996 26 157
Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76
Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 51 77 03 69

Time
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærar: Astrid Wold tlf. 458 61 233
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283
Soknerådsleiar: Karin Lima Friestad tlf. 900 21 635
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne
Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 938 31 623
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62
Ungdomspastor: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Trusopplærar: Tove Hersdal tlf. 51 77 03 72
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Gerd Åshild Ueland tlf. 414 66 321

Lye forsamlingshus
Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Helge Ask tlf. 994 62 935

Undheim
Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Sokneprest: Per Børge Hillestad tlf. 934 42 919
Trusopplærar: Astrid Wold tlf. 458 61 233
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar:
Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:
www.time-kyrkja.no
E-post sokneråda:
Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: Høst. Foto: Randi Aalgaard

Helgedagen Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 30. oktober.

Neste nr. kjem ut ca. 18. november 2014.



Tove Hersdal

Ein fantastisk sommar er over, og eit nytt semester star-tar. Nytt skule-, barnehage- og arbeidsår. Kvardagen slår inn for fullt. Det er noko flott med hausten som kjem, flotte fargar ute, og me kan kosa oss inne med lys, te og gode vener. Men for mange kan hausten verka mørk og trist og ein kan få følelse av å ikkje strekka til.

For nokre veker sidan var eg i Oslo. Eg er lite kjent i Oslo og kjente at eg grudde meg til å vera heilt åleine og ikkje minst til å finna fram. Eg visste adressa til hotellet eg skulle vera på, og mannen min hadde vist meg på kartet kor eg skulle gå. Det er bare det at alt ser lett ut når du ser det på kartet, det er noko heilt anna å finna fram når du faktisk er der. Det som skjedde, var at eg gjekk og gjekk og ikkje fann fram. Tilslutt måtte eg spørja etter hjelp. Ei dame i ein kiosk hjalp meg, ho følgde meg eit stykke på vegen. Dette førte til at eg fann fram.

Eg tenker at det er litt slik i livet vårt og, det er ikkje alltid like lett å finna fram. Når kvardagen slår inn for fullt kan livet bli litt overveldande. Det er ikkje alltid at me veit kor eller kva me vil. Ein følelse av einsemd kan koma. Da er det godt å kunna få gå til Jesus for å få hjelp. Jesus er ein slik som me kan spørja om hjelp kva tid som helst og kor som helst. Han kan visa vegen me kan gå og gje oss trøyst når me treng det. Det er ikkje alltid at me føler at han er med oss, men han har lova oss at han alltid er der. Eit bibelvers som eg likar godt og har betydd mykje for meg, står i Jesaja 41.10:

Frykt ikkje for eg er med deg, vær ikkje redd for eg er din Gud. Eg styrker deg og hjelper deg og held deg oppe med min rettsferds høgre hand.

Eg ynskjer deg ein fantastisk haust og hugs at Jesus vil oss alt godt og kan vera med og guida oss gjennom livet.

Tove Hersdal

Til ettertanke

...”Når kvardagen slår inn for fullt, kan livet bli litt overveldande”

Min Salme



Terje Vold

“Alt for Jesu fot jeg legger”

- Jeg vil gi deg alt!

Nå har *min salme* fått plass i den nye salmeboka på nummer 421.

Eg lærte songen frå boka «Fyll hele jorden med lovsang». Eg har kosa meg med melodien og har min eigen vri på første akkord i andre takt: E-moll med Ciss i bassen. Eg er glad at salmeboka ikkje har lagt den for høgt, men vidareført D-dur. Er eg ute på reise og finn eit piano som står for seg sjølv, så vert det som regel denne melodien eg startar med.

Eg har vore spelemann heile mitt vaksne liv. Av den grunn har eg interessert meg meir for melodi, harmoni og toneleie enn for teksten i songane. Men i dette tilfellet har det vore motsett- teksten trefte meg midt i ryggmargen. Den var enkel og rett på sak.

Eg får eit kall frå Gud og seier JA. Problemet er at eg ikkje veit konsekvensane av mitt ja. Eg veit ikkje kva eg vil møte i framtida. Læresveinane var i same båsen. Dei sa ja til kallet, men hadde ikkje peiling på kva som ville møte dei. Jesus sa: Fylg meg, og dei la frå seg alt og fylgde han. Dei gjorde det i full tillit til at han var Messias. Det store lyset gjekk nok opp for læresveinane på pinsedagen, men også då starta dei på ei krevjande livsreise som var ukjent. Men oppdraget var klart, og dei stod på livet ut. Resultatet av arbeidet var grensesprengande. Kvardagen er full av stemmer med gode råd. Midt oppe i all denne støyen er det van-skeleg å skilja ut Guds stemme. Men ho er der. Eg har bedt om eit tydeleg kall frå Gud, og det har eg fått. Det er vanskeleg å setja ord på mitt svar på Guds kall, men denne teksten har på mange måtar hjelpt meg i denne prosessen.

Me opplever Guds kall ulikt, og me vert utrusta ut frå dei oppgåvene han vil setja oss til. Tek me sjansen på å gje alt, så veit me at livet vert utfordrande. Men ingen ting kan vera betre enn å vita at me er der han vil ha oss.

Eg har aldri hatt ein plan for livet mitt, men har levd i mi barnetru og trudd at det beste er å leggja alt i Guds hand. For meg har dette vore eit godt og rett val. Gud har aldri lova oss eit enkelt liv, men han har lova å gå med.

“Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige nåde.” 1. Pet. 4.10

Terje Vold



Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?



Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Takknemleg for gode år



Tor Aase

-Eg har hatt gode år i kyrkja og som gardbrukar. Nå føler eg at tida er inne til å avslutte, seier Tor Aase som i august hadde sin siste arbeidsdag på kyrkjekontoret.

Det er litt over 20 år sidan Tor Aase trappa ned som gardbrukar og starta som koordinator for det kyrkelege arbeidet i kommunen. I 1997 kom det ny kyrkelov, og Time kyrkelege fellesråd vart etablert med kyrkeverge som dagleg leiar. Tor hadde denne jobben i vel ti år. Av helsegrunnar gjekk han då over i halv stilling som konsulent ved kyrkjekontoret. Helgedagen møtte den ferske pensjonisten ein seinsommar-kveld ved Time kyrkje. Han fortel at han var med foreldra til denne kyrkja då han var liten gut. -Kyrkja har alltid vore viktig for meg, seier han. - Når eg reiser rundt i landet på tur, likar eg å sjå på gamle kyrkjer og gravplassar. Dei fortel ein del om folk, kultur og prioriteringar. Han legg til at han er svært nøgd med avtalen og samarbeidet med Time kommune.

Tor har alltid vore samfunnsbevisst. Han var ei tid i kommunestyret, i formannskapet og var varaordførar. Han hadde tillitsverv i ymse nemnder og utval til dømes i barnevern og i skulestyret der han var leiar. I mange år var han med i styret for Time Energi.

- Kva var det som fekk deg til å begynne på kyrkjekontoret?

- Eg hadde lyst på nye utfordringar. Då stillinga vart ledig i 1993, var det fleire som sa: Dette er noe for deg, Tor! Dessutan har eg alltid vore med i det kristne miljøet, både i kyrkja og på Saron, og eg meinte jobben var meningsfull og viktig. Her kan ein leggja til at Tor kjende det kommunale systemet godt, ei god ballast for arbeidet framover.

- Kva har vore dei største utfordringane?

- Den første tida var det interessant å samarbeida med kommunen. Då var stillinga underlagt rådmannen. Etter den nye kyrkelova og ny lov om gravplassar var det nødvendig å byggja ny administrasjon for kyrkjene i soknet. Fellesrådet vart eige organ med personal- og vedtaksansvar, og kyrkjeverga var "kyrkja sin rådmann".

Tor er både stolt og audmjuk når han blir bedt om å nemne spesielle prosjekt:

- Eg ser med glede tilbake på mange prosjekt med krevande, men gilde prosessar. Tilbygget på Time kyrkje med kyrkjetorg vart svært bra. Likeeins var det spanande då me skulle planleggje ny kyrkje på Undheim og organisere Undheim som eige



Foto: RT

Tor Aase utanfor Time kyrkje

Her er nokre av dei mange prosjekta Tor Aase har leia eller har vore sterkt engasjert i (sjå bileta):

sokn. Og det var spesielt å etablere ny kyrkjelyd på Frøyland/Orstad. Då hadde me eit svært godt samarbeid med fellesrådet i Klepp.

Tor har hatt mye med bygg å gjera, til dømes planlegging av ny barnehage på Undheim. – Eg har også sett pris på å få arbeida med gravplassar, seier han. – På Undheim er me ferdige med utviding, og for Time er planane klare. Han legg også vekt på at det har vore eit godt samarbeid med dei andre kyrkjevergene i Rogaland, og kollegialt samhold og trivsel på kyrkjekontoret.

På spørsmål om kva som er kyrkja si største utfordring i eit sekulært samfunn, er ikkje Tor i tvil:

- Trusoppløringa! Det er så viktig å lære opp neste generasjon. Og kyrkja må vera tydeleg og gjenkjenneleg.

Tor minnest med glede tida då dei søkte og, som ein av dei første kommunane i landet, fekk tildelt statlege midlar til trusoppløring.

- Når du ser tilbake, Tor, kva har livet lært deg?

- Å vera takknemleg. Eg er hatt eit kjemperikt liv. Det var tidkrevande å byggja opp garden og travelte også i andre samanhengar. Men så gildt å sjå resultat. Så har eg hatt ei god kone og fått flott familie. Ja, eg har vore heldig. Det var viktig for meg å byggja omkring mi kristne tru og ta del i aktiviterer som til dømes søndagskule, speidar, Yngres og IFM brass.

Det er mange år sidan Tor flytta frå gard til bustadfelt. Han reknar ikkje med å få frididsproblem som pensjonist. – Eg har 3 barn og 8 barnebarn som alle bur på Jæren. Og eg vil framleis bidra med hjelp på garden. Dessutan vil eg få meir tid til å driva med snikkararbeid.

- Han er vår felles hukommelse. Slik omtalte nyleg ein av prestane Tor som nå blir pensjonist. Ingen tvil om at han vil bli sakna på kyrkjekontoret.

RT

- planlegginga av Undheim barnehage og utvidinga av den



Foto: KAA



Foto: KAA

- planarbeidet med tilbygget til Time kyrkje med kyrkjetorg



Foto: KAA

- klokketårnet på Time gravplass



Foto: KAA

- planlegginga av ny kyrkje på Undheim og organiseringa av Undheim som eige sokn

- utvidinga av gravplassar på Undheim



Foto: KAA

Framtid og håp



Søndag 17. august. En skulle tro de ikke hadde sett hverandre på flere uker. BridgeBuilder-gjengen har vært sammen på Vaulali leirsted i en uke, men de to siste net-

taket når de treffes neste dag. Det sier alt om hvor glad denne gjengen av palestinske, jødiske og norske ungdommer er blitt i hverandre.

- Daglige nyheter om raketter, døde og sårede. Hat- og krigsretorikk på sosiale medier. Beskyldninger om løgn og tildekking av virkeligheten. Sjelden har frontene i Midtøsten-konflikten vært steilere. Og sjelden har brobygging vært mer på sin plass – og sjelden er jeg blitt mer oppløftet av å se palestinerne, jøder og nordmenn tilbe Jesus sammen

Et møte med brobyggerne

Denne søndagskvelden var Bryne kirke fullsatt av forventningsfulle folk. De kom for å møte unge mennesker som hadde valgt forsoningens vei i Midtøsten og trosset hat, mistenksomhet, fiendebilder og isolasjon..

Mot alle odds?

Dette er fjerde gangen BridgeBuilders blir arrangert. Ti jøder, ti palestinere og ti nordmenn kommer sammen i litt over en uke, først i Norge, og senere i Jordan. Hensikten er å styrke fellesskapet mellom messianske jøder og arabiske/palestinske kristne, og bidra til å bygge relasjoner mellom dem som enkeltmennesker og folkegrupper.

I lys av sommerens blodige konflikt mellom Israel og Gaza vil noen kanskje synes at dette høres både naivt og



urealistisk ut. Debatten har gått høylydt både i kristne og sekulære rekker. Det er nesten så vi har importert konflikten til Norge; det krangles om hvem som har rett til hva, hvem det er mest synd på, hvem som har utført flest grusomheter og hvem som har mest ansvar for disse. Ikke rart leder i return2sender, Håvard Maurstad, sendte noen ekstra bønner oppover i forkant av årets leir.

– Det er jo alltid et visst spenningsnivå i Midtøsten, men denne gangen var det full krig, og jeg var redd for hvordan situasjonen ville påvirke deltakerne. Ville noen melde avbud? Ville de finne noen felles plattform i det hele tatt? Ville de ønske, eller i det hel tatt være i stand til, å lytte til motparten? Det var mange tanker om hva som kunne gå galt, sier Maurstad.

Jærbladet gjorde en forhåndsomtale av arrangementet, og fulgte opp i etterkant med et dybdeintervju med ungdomspastor og tidligere prosjektleder i BridgeBuilders – Her

måtte det svares på ti kritiske spørsmål om engasjementet for fred igjennom dette brobyggerarbeidet. Det er mange som mener at BridgeBuilders ikke har oddsene med seg...

Brynekyrkja

Med mange års misjonsprosjekt i samarbeid med Den Norske Israelsmisjon (som står i bresjen for BridgeBuilders), var det en ære å få være vertskap for arrangementet. Det ble et sterkt møte som minnet oss om at Lyset er sterkere enn mørket, og at ikke alt er håpløst! Gjennom vitnesbyrd, appell, lovsang og musikalske innslag under ledelse av ungKyrkja ble det ikke bare et møte med eksotiske brobyggere fra Midtøsten – men også en samling rundt Han som for alltid har bygget en bro. Han som har forsonet oss med Gud og med hverandre.

Håp

Jeg selv var der bare noen dager sammen med deltakerne og lederne i BridgeBuilders, men det lille jeg så, ga meg stor grunn til både håp, optimisme og framtidstro etter en sommer med stort sett nedslående nyheter. Nå ser jeg frem til å følge prosessen videre sammen med andre som er med og støtter dette arbeidet.

I ungKyrkja sitt jubileumsår har ungdommen i Brynekyrkja også satt seg et hårete mål om å støtte BridgeBuilders med kr.40.000,-!!! Her må flere bidra med giverglede og en investering i framtid og håp.

Av: Johannes Kleppe

(Med utgangspunkt i en lenger artikkel skrevet av Thor Håkon Lindstad og Guro Kvakestad)



Lye forsamlingshus – 25 år



FAKTABOKS: LYE FORSAMLINGSHUS
Eigarar:Time Kristelege Ungdomslag,
 Det norske lutherske Indremisjons-
 selskap, Norsk luthersk Misjonsam-
 band, Det vestlandske Indremisjonsfor-
 bund, Det norske Misjonsselskap, Time
 sokneråd

Byggjenemd sett ned august 1983
**Kjellaren vart teken i bruk 1986, Innvi-
 ingsfest 23.9.1989, Vel 8000 dugnadsti-
 mar før huset vart innvia, Ola Bjorland**
den første faste medarbeidaren, tilsett
1993, Gjevarteneste vore viktig

Tilsette i jubileumsåret:
Gunnar Frøyland - prest, Sigurd Idland -
dagleg leiar/forsamlingsutviklar, Helge
Ask – ungdomsarbeider i 50% stilling

«Så er me endeleg framme - vegen vart lang å gå.
 Timane kjendest så lange og kreftene stundom så
 små. Det byrjar med planar på bordet og enda opp
 med eit hus – og no er me samla om Ordet etter år
 med dugnad og slit».

Slik opna Steinar Hobberstad Fjeld sin prolog på innviingsfesten
 23. september 1989. Den store dagen var komen – 6 år etter
 at interimstyret var samla til sitt første møte. Sverre Risa, Aslaug
 Berge, Arnfinn Vigrestad, Arne Gravdal, Ingunn Moi, Arne Ove
 Teigen og Bernt Vatland hadde sagt seg villige til å sitja i inter-
 imstyret - som representantar for organisasjonane. Målet var
 å prøva å få realisert eit forsamlingshus på Lyefjell. Lite visste
 dei då – heldigvis – at dette kom til å ta tid. Men interimstyret
 hadde tru og visjonar: «Å få dette huset bygt vil krevja mykje
 av oss alle. Men la oss løfta i flokk og i tru på at dette er Guds
 vilje. Då vil det verta lettare å greia denne oppgåva», står det å
 lesa i referatet frå første møtet.

Dugnad og økonomi er to stikkord som går att i dei fleste av
 styrereferata frå interimstyreperioden. Tomta hadde ein fått
 overdrege gratis frå Time Kristelege Ungdomslag + ein ikkje
 ubetydeleg pengesum. I tillegg stilte Time kommune opp med
 ein million kroner. Det var ein bra startkapital. Å få folk til å
 stilla på dugnad var ei utfordring, spesielt når dette strekte seg
 over så mange år. Ein må hugsa på at dei fleste som hadde
 flytta til Lye, var unge, ofte familiar med små born! Men med
 god dugnadshjelp frå folk på bygdå + tømrarlinja ved Time

vidaregåande skole, kom ein i mål!

I august 1986 var huset reist, tett, og eit par rom i kjellaren var
 ferdig innreia. Time kommune trong skulerom, noko som passa
 perfekt. Det gav gode pengar i byggjekassa!
 Huset var i 1983 kalkulert til å kosta 3.8 millionar kroner.
 Rekneskapen frå 1991 viser at ein hadde hatt inntekter på
 2.946.927 og utgifter på 2.804.218. Lye forsamlingshus var
 reist, innvia og teke i bruk – gjeldfritt med 142000 kroner på
 bok! Imponerende!

Anfinn Skaasheim heldt hovudtalen på innviingsfesten ut frå

teksten henta frå Joh. 4.31ff. Han sa mellom anna: «Huset er
 strategisk plassert – midt i eit byggjefelt. Vi må nå enkeltindi-
 det med budskapet. Der har vi vår oppgave i dette miljøet. Det
 er såmannsarbeid som skal drives ut fra dette huset. Jesus hilser
 oss med dette ordet: løft blikket og se...»

I 25 år har ein drive såmannsarbeid – for born, unge og vaksne
 på Lye ut frå visjonen: «Vi ønsker at alle på Lye må bli betre
 kjent med Jesus Kristus».



Søndagssamlingene. Gudstenesten har i alle år vore
 hovudsamlingen leia av frivillige.



Aktivitet i gudstenesta. Svært ofte blir bibeltekstar syn-
 leggjort av aktørar. Her: Pilatus dømmar Jesus



Fredagskvelden. Fredagskvelden har ei årrekkje vore
 ungdomane sin spesielle kveld



Morten Slettebø, styreleiar for Lye forsamlingshus

Morten Slettebø er styreleiar for huset i jubileumsåret,
 og Helgedagen utfordra han med fylgjande spørsmål:
 - Korleis er samarbeidet mellom eigarorganisa-
 sjonane i dag?

- Samarbeidet er bra. Dei siste åra har me nok hatt ei
 utfordring med å få folk til å stilla til styret for dei ulike
 organisasjonane, eit ikkje ukjent fenomen i samfun-
 net i dag. No er lovene endra slik at dette vert lettare i
 framtida.

- Fortel kort om det arbeidet som vert drive på
 huset.

- På Heimesida til Lye forsamlingshus kan ein lesa om
 dei mange aktivitetane som vert drive. Tilbodet spenner
 vidt frå gudsteneste annan kvar søndag, onsdagsmøte
 som organisasjonane tek seg av, sosiale aktivitetar - til
 barne- og ungdomsarbeid som er eit av satsingsområda
 for Lye Forsamlingshus. Ønsket vårt er å kunna ha eit
 tilbod som gjer at lyebuen møter opp, opplever eit godt
 fellesskap, trivst og kjenner seg heime!

- Kva er din og styret sin visjon for åra som ligg
 framom oss?

- Visjonen for husstyret er at vi skal ha eit forsamlings-
 hus som er funksjonelt og tilrettelagt for dei aktiv-
 itetane som vert drive på huset. Vi ønskjer at mange
 bruker huset, og ikkje minst at fleire på Lye skal verta
 kjende med Jesus Kristus. Ser vi lengre fram, er det klart
 at spørsmål om ei utviding av huset må takast opp og
 vurderast. Lyebuen veks og stadig fleire flyttar til. Åra
 som kjem vert spanande i forhold til det...

Tekst: AV
 Foto: KAA

- Verdens beste arbeidsplass!



Fagert hos Gudrun på Fossebakken!

Gudrun Friestad har arbeidd 24 år i barnehagen på Fotland, og ho har lengst fartstid av alle der Ho bur på Fossebakken i Hognestadkrinsen
Aktuell: Barnehagen på Fotland vart nedlagd 1. juli 2014

Gudrun Friestad sparer ikkje på godorda når ho skal karakterisera arbeidstaden sin gjennom 24 år: Fotland barnehage. Helgedagen fekk møta henne heime på Fossebakken. Her bur dei 4 generasjonar på garden, og me har det godt saman, seier Gudrun. Utsynet frå garden tek nesten pusten frå ei som er oppvaksen mellom høge fjell! Heilt til havs ser dei, og kan følgja lysa sørover langs riksveg 44 når det mørknar.

I 1989 starta Time sokneråd barnehagen på Fotland, og allereie året etter var Gudrun på plass. Ho vart spurd om å hjelpa til litt, og så vart det meir og meir. Arbeidstida høgde veldig greitt for henne, frå kl 9 til 13. – Ungane mine var på skulen, og dei merka nesten ikkje at eg var på arbeid.

Dei hadde då to grupper i barnehagen, slik at ei gruppe var der måndag og onsdag, og den andre gruppa tysdag og torsdag. Fredag var fridag. Men tilbodet vart utvida etter kvart.

Gudrun har sjølv hatt 5 barneborn i barnehagen på Fotland, og då dei kalla henne farmor eller mormor, vart ho bestemor for

heile gjengen. – Farmor, kan du knappa igjen jakka mi, sa ein liten kar då han vart henta av faren. Kanskje faren òg tykte det var litt morosamt med ei ekstra bestemor!

Kva er det så som har gjort at Gudrun har vore så nøgd med arbeidsplassen sin? Samværet med ungane! – Dei høpp på deg! Å vera saman med barnehageborna har gjeve henne enormt mykje. Dei har vore i fokus, og ho seier at ho har vore like skiten på knea som dei små. Mykje leik har ho fått vera med på. Ein populær aktivitet var å leika ”bomma og gøyma” – under stolane oppe i bedehussalen, med lyset av!



Mange bursdagskroner – som fekk ekstra pynt!

Å samla alle rundt bordet på kjøkkenet har også vore gilde stunder. Då fekk alle røra etter tur, bakebollen gjekk systematisk rundt på bordet!

Bursdagskronene er eit kapittel for seg! Det var ofte Gudrun som laga dei, og borna fekk sjølve vera med og bestemma korleis krona skulle sjå ut, med ulike figurar og glitter og stas. – Eg skjemde dei godt ut, seier Gudrun, som ofte måtte sitja heime og gjera dei ferdige. Heimearbeid for henne og fleire i staben vart det òg av permen som kvart barn fekk med seg då dei slutta. Mange fine bilete med små tekstar frå eit lite barnehage-liv har nok gledd mange foreldre!

Sommaravslutningane var som regel på garden hos Gudrun. Då kunne små og store vandra til fots frå barnehagen opp gjennom Fossdalen til Fossehagen. Denne gamle kongevegen brukte barnehagen mykje elles og, som fint naturområde der dei gjerne kunne vera små forskarar. Kanskje var der eventyrtroll under steinane òg?

Gudrun ser tilbake med glede på tida i barnehagen. Ho syns det er stas når ho møter tøff 14-åring som spør: - Koss går det i barnehagen nå? Det viser at sjølv om Gudrun ser seg ferdig med jobben, så lever mange med gode minne om henne og dagane i Fotland barnehage.

Tekst og foto: LHH



Blid dame som nå får meir tid til den flotte hagen sin

Smilande ny medarbeidar



Gunhild Edith Lande

Det gode smilet er Helgedagen sitt første møte med Gunhild Edith Lande. Ho starta i juni dette året som vaktmeister, kyrkjetenar og reinhaldar i Bryne og Time kyrkje. Vaktmeisterarbeidet og reinhaldet er likt delt mellom kyrkjene, medan kyrkjetenardelen vert mest i Bryne-kyrkja.

Gunhild er audmjuk og glad for at ho vart vald til denne jobben: å vera ein tenar i kyrkja. Ho vil leggja til rette arbeidet for dei faste og frivillige arbeidarane, og – ikkje minst – ho ønskjer å sjå brukarane. Folk skal kjenna seg velkomne i kyrkja, og at dei blir tekne vare på! Smilet, at me er viljuge til å verkeleg sjå dei me møter, og at me sjølve blir sett, er viktig for Gunhild. Den gylne regelen er fin, seier ho: Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei. Ho vil gjerne vera eit godt medmenneske i arbeidet sitt, og ho ønskjer at ho sjølv også blir hugsa på.

I barne- og ungdomsåra heime i Lyngdal, med tre eldre brør, var ho mykje med på møbelverkstaden til faren. Der likte ho seg, og ho vart glad i praktisk arbeid. Det er ho framleis, og det er ein eigenskap som er nyttig i hennar nåverande jobb. Ho ønskjer at også andre som likar å gjera noko praktisk, gjerne blir med på dugnad. Behovet er kanskje størst i Bryne-kyrkja, så ho ønskjer seg ein vaske- og dugnadsgjeng der. Slikt dugnadsarbeid vil også gje ein dobbel gevinst: dei som er med på dette, vil gjerne også få ei større tilhøyring til kyrkja.

Ta kontakt, seier Gunhild, dersom det er noko de lurar på, noko som burde ha vore ordna, gode idéar, eller om de kan gjera ein dugnadsinnsats.

Me ønskjer henne lukke til i ein viktig jobb!

Ring 481 07 062 eller mail:gunhild.lande@time-kyrkja.no

Tekst og foto: LHH

Liv laga.....



Te Deum. Bilete frå 1974. Dirigenten, Terje Vold, til høgre for han som står rett under krusifikset

Ungkyrkja, arbeidet for unge i kyrkja, skal feire 40 år. Helgedagen har møtt Hans Ree og Terje Vold, dei aller første leiarane i dette arbeidet. Når dei spolar tilbake og snakkar om starten, vert takk det viktigaste ordet for begge.

Dei blar i minneboka. Førte år har fare sidan desse to karane, Hans Ree og Terje Vold, vart ansvarlege leiarar for fenomenet "Ungkyrkja" i Time kyrkjelyd. Dei var sjølv unge, minus og pluss 20 år, då soknepresten bad dei starta eit arbeid for ungdom i kyrkja. Dei tok utfordringa, og understrekar nå sterkt at sokneprest Jens Bjelland, og etterkvart kapellan Lars Halvorsen, heile tida var dei beste medspelarane på laget. Terje seier at soknepresten stilte opp på korøvingane og hadde ein kort andakt før øvinga tok til. I ei tid før kyrkjekontor med tilsette, prioriterte presten dette arbeidet høgt. "Ungkyrkja", sa soknepresten, og slik vart det. Namneforslags-konkurranse i Helgedagen kunne ikkje hamle opp med det. Ungkyrkja vart ein institusjon for

unge i Time frå 1974 og framover, med eige kor og band. Det var noko heilt nytt på Jæren, både takten og tonen, til glede for mange og til frykt for andre: Solo- og bassgitar og slagverk i kyrkja, samt glade ungdomar med sans for rytme.

Slik kvad dei i Ungkyrkja ved 25-årsjubiléet:

Dei starta opp eit kor, men sjølv namnet laga sjau –

Te Deum var "katolsk" og mange kloke kom i naud.

Og når det attpå spurdest at på engelsk mål dei song då fekk dei ikkje syngja i eit mursteinshus eingong.

Men fælaste av alt var det som folk fekk høyra nå:

Tenk, soknepresten Bjelland let dei Timekyrkja få.

Der song dei nå på engelsk, og orkester var der au

Med trommer og med rytme så det var ein fæla sjau...

Hans Ree:

"Me var heldige som fekk driva eit arbeid og bruka ein arbeidsmetode me trudde på. Veldig mange tok eit tak og gjorde ein kjempejobb. Dei var med på å gjera arbeidet i Ungkyrkja mulig. Eg trur spesielt kapellan Lars Halvorsen var viktig for alltid å ha målet i sikte. Også foreldra og andre som såg verdien av arbeidet, var gode sekundantar. Barrikadane vart ikkje hinder. Når utfordringane vart store, blei eg minna om alle dei som gjekk i UK, og såg at me hadde ein jobb å gjera. Me hadde ei tru me ville dela med andre."



Terje Vold og Hans Ree mimrar i sofakroken

Terje Vold:

"Det var inga utreiing eller styrevedtak i botn då me starta. Eg vart dirigent i koret, Te Deum. Sjølv om eg hadde spelt mykje og brukt mange instrument heilt frå barneåra, hadde eg aldri dirigert eller lagt til rette for eit kor. Det var bare å starta. Mange ville vera med, opptil 120 medlemmer var me. Ikkje var det kyrkjekontor med tilgang på kopimaskin for materiellet me skulle bruka. Men alle var velvillige, og me fekk bruka kopimaskin på rådhuset. Med så mange songarar vart det trøngt i kyrkjekoret då me stilte opp. "Ja, hugsar du," bryt Hans inn. "Etterkvart rigga me ei korplattform før kvar gudsteneste - "Englestigen". Røyr og koblingar vart skrudde saman til trinn koret kunne stå på. Plattformen var ikkje ulik konstruksjonar dei bruker i olja." Te Deum kom i gang 7. januar 1974 og hadde premiere i kyrkja 26. februar.

Ungdomsgudstenester – frøet som ga vekst

Minneboka er innhaldsrik. Stor takk og glede fargar sidene. I samarbeid med Credo og skulelaget ved ungdomsskulen vart det starta opp med ungdomsgudsteneste ein tirsdagskveld kvar månad. Dei unge var med i planlegginga og deltok i gudstenesta kvar gong. Dette vart frøet som ga vekst til alt anna arbeid i Ungkyrkje-regi. Fram til 1979 var det desse tre gruppene: Te Deum, dramagruppa og Teknikus som var Ungkyrkja, saman med utvalet med ansvar for ungdomsgudstenestene. Ungkyrkja hadde også kafédriфт i Melkebaren på Bryne. Seinare voks det fram eit uvanleg stort og velorganisert "gruppesamfunn" som stetta dei unge sine interesser og trong til aktivitet. Før Brynekyrkja var ein realitet, var det alltid eit stort puslespel å finna rom til all

aktiviteten og til lagerplass. Alle måtte vera uhyre kreative og fleksible. Ungkyrkjekveldane vart avslutta med samlingstund, andakt og song.

Hans leia i mange år teknikargruppa, Teknikus. Det vart ein intens hobby for mange, og dei unge vart så dyktige at dei til dømes kunne ta oppdrag med lyd og lys på store arrangement, ikkje bare lokalt. Også langvegs reiste dei med sin kompetanse. Dette ga inntekter til Ungkyrkja sitt arbeid. "Det er lov å undrast på om Ungkyrkja har påverka yrkesvalet for fleire som var tru-faste der," seier Hans.

Nå, 40 år seinare, er Hans og Terje så samstemte og takknemlege for det dei fekk vera med på. Undervegs i samtalen har dei begge understreka igjen og igjen at "det var ikkje bare oss to." Det var så mange som burde takkast og heidrast for ein fantastisk innsats. Men lista med familienamn dei ramsar opp er så uhyre lang at eg vanskeleg kan skriva det her, bare oppsummera med deira eigne ord: "Me hadde mange sponsorar som støtta både med pengar, tid og godord. At sokneråd, foreldre og andre verdsette arbeidet vart ein vedvarande og stor inspirasjon."

Derfor . . .

Du som les dette og har vore med i Ungkyrkja, eller forelder, besteforelder, leiar og støtte: Nå må du bla i di minnebok, hugsar og tenkja etter. Kan også du seia som Hans og Terje: Eg er så takknemleg for det eg fekk vera med på?

Ungkyrkja var sanneleg liv laga! Glede og signing over40-årsfeiringa!

emb



Opelen - Den fyrste bilen Ungkyrkja hadde

Kvile for kropp, sjel og ånd



Det tredje bodet lyder: Du skal halde kviledagen heilag!

Forklaring: Vi skal ottast og elske Gud, så vi ikkje vanvørder samlinga om Guds ord, men held Ordet heilagt, gjerne høyrer og lærer det.

Boda i Helgedagen

Det er lenge sidan den eine kviledagen i veka vart utvida til "ukeslutt". Og ingen er vel i tvil om at det er nødvendig med regelmessig fri mellom arbeidsveker. Me ser fram til helga, og vanlegvis manglar det ikkje på attraktive tilbod som konkurrerer om vår interesse. Men kanskje nettopp derfor kan det vera viktig å reflektere over søndagen si djupe meining?

I Helgedagen sin serie om bodorda er me komne til det tredje bodet. Jens Olav Mæland skriv om kviledagen – om det å opne opp for livskraftene som kan fornya oss i kropp og sjel.

RT

Heilag dag?

Det tredje bodet har sitt feste i Guds skapargjerning. Gud skapte kosmos og vår jord og sette mennesket til arbeids. Sjølv kvilte han på den sjuande dagen og lyste den heilag. Difor vil han at me skal ha denne dagen som ein heilag kviledag (1 Mos 2,3; 2 Mos 20,8 f.).



Jens Olav Mæland

Arbeid og kvile

Det er både nødvendig og godt at mennesket arbeider med kropp og sjel. Men det er også nødvendig og godt med kvile for kropp og sjel. Me treng avkobling frå arbeid og strev. Kviledagen er både eit tilbod og eit påbod om "å spenne av buen", finna fornying og styrke gjennom å spenne av musklar og tankeverksemd som høyrer den travle kvardagen til. Det er mange slags måtar ein kan restituere kropp og sjel på. Å kvile er ikkje utan vidare å

setja seg i godstolen og la humla suse. Det er å koble til noko som gjer at fornyings-kraftene kan tilflyta oss. Det trengs klokskap og oppfinnsomhet til å finne måtar dette kan skje på i eit teknifisert og stressande samfunn.

Tilkobling til himmelske krefter

Men kviledagen skal vera ein heilag dag. Det betyr at den er gjeven oss til fornying av vårt hjarte, vårt åndelege liv. Og det skjer ved at Gud får tale til oss gjennom sitt ord, og ved å delta i samlinga omkring Ordet, Bøna og Nattverden. Når kyrkjeklokkene kallar til gudsteneste søndag føremiddag, er det Gud som kallar på oss for å gje oss noko nytt. Denne dagen skal me løfta blikket bort frå alle kvardagslege aktivitetar og plikter - og opp til Han, vår Skapar og Frelsar. Denne dagen er gjeven oss for tilkobling til dei himmelske krefter, Guds nåde og velsigning. Luther seier i Store katekisme at ein held ikkje denne



Gudsteneste Lye forsamlingshus søndag 31. aug. 2014



Søndagskos på hytta

dagen heilag "på den måten at ein sit i omnskroken og ikkje gjer noe tungt arbeid. Heller ikkje slik at ein pynter seg og tar på bestekleda. Men – det skjer ved at ein har Guds Ord for seg og øver seg i det."

Gud utfordrer oss

Gud utfordrer oss til å bruke denne dagen til å opne oss for livskraftene, dei som kan fornye kropp og sjel, hjarte og vårt innerste. Berre slik blir det gode liv realisert. Tenk om langt fleire kunne praktisere det! Det ville vere "verdiskaping"! Det er bra å dra på helgetur til hytta, men ein lever ikkje etter bodet dersom ein let vere å høyra Ordet og delta i det kristne fellesskapet.

Me treng å gjera søndagen til ein åndeleg fornyingsdag om Ordet, Bøna og Lovsongen! Dersom me lar den vera som alle andre dagar, vanhelgar me den. Det skjer – dessverre – i stor stil i folket vårt, og Jæren er truleg ikkje noko unntak.

Nokre spørsmål trengjer seg på:

1. Er det ikkje sabbaten (laurdagen) – og ikkje søndagen som er rett kviledag?

Svar: Etter Det nye testamente er me ikkje forplikta til å feire ein bestemt kalenderdag, sabbaten/laurdagen, som kviledag. Dei første kristne feira den første dagen i veka, søndagen, som sin guds-teneste-dag (heilag-dag). Og der kristentrua blei bestemmende for eit folk eller ein nasjon, blei denne dagen også kviledag.

2. Men somme må jo arbeide på søndagar for at samfunnet skal fungere! Bryt dei bodet? Store katekisme svarar slik: "- kviledagen skal ikkje praktiseras så snevert at ein forbyr nødvendig arbeid som ikkje kan utsettast." Somme må arbeide på søndagar, eksempelvis jernbanefolk og prestar. Men det gjeld om å ordna livsrytmen slik at ein elles i veka kan kople av fysisk – og kople til den åndelege kraftkjelda.

Jens Olav Mæland

Foto: KAA

Litt trist fest på Fotland



Olav Vegard Søyland grillar pølser og anna godt

Alt godt har ein ende, heiter det. Og kanskje var det slik dei tenkte, dei som 17. juni møtte opp i Fotland barnehage for å feira 25-årsjubileum og samstundes ta farvel med ein institusjon i bygda.

Fotland barnehage vart starta i 1989 som ein korttidsbarnehage i kjellaren på Fotland bedehus. For 25 år sidan var det ennå lite vanleg på bygda å senda borna i barnehage. Men eit korttidstilbod, særleg i onnene og andre travle tider på gardane, det var det interesse for.

Det synt seg snart at barnehagen vart populær. Borna fekk ein stad dei kunne treffast, og foreldra fekk ein stad der dei visste at borna var trygge med eit personale dei kjende og visste kva stod for. På gardane gjekk utviklinga i same retning som elles i samfunnet. Begge foreldra var ofte i arbeid, og behovet for barnehageplassar steig. Fotland barnehage utvida og kunne etter kvart gi tilbod om fulltids plassar. Fotland barnehage vart fyrst eigd og driven av Time sokneråd. Etter som verksemda auka i omfang, vart kyrkja sine barnehagar overførte til Time kyrkjelege

fellesråd. Barnehagen har heile tida hatt det som i lova vert kalla «utvida kristen formålsparagraf». Det betyr at ein i større grad enn i ein offentleg barnehage har lov til å leggja vekt på formidling av det kristne kulturgrunnlaget. På Fotland skjedde det ved faste samlingsstunder med bibelforteljingar og kristne barnesongar. Det kristne innhaldet i høgtider som jul og påske, vart også vektlagt.

Mange gir uttrykk for at barnehagar med utvida kristen formålsparagraf er viktige for eit mangfaldig



Porten inn til barnehagen var open denne dagen



Fotland bedehus der barnehagen heldt til i 25 år

barnehagetilbod, og at den dagen desse måtte forsvinna, står me fattigare tilbake. Time kyrkjelege fellesråd driv framleis Undheim barnehage og Barnehagen i Bryne kyrkje. Det vonar me å kunne halda fram med. Undheim barnehage tar i haust i bruk ei heilt ny avdeling, og på Bryne vert det arbeidd med å prøva å finna nye lokale som skal kunna gjera det mogleg å utvida verksemda og flytta ut av kjellaren i Bryne kyrkje. Fotland barnehage sin viktigaste kapital har heile tida vore eit dyktig og stabilt personale. Det er det som har betydd aller mest for både born og foreldre, og det har gitt barnehagen sitt gode rykte «på bygdå». Gudrun Friestad har vore med heilt frå starten, og på den opne dagen 17. juni fekk ho ein særskild takk for si lange og trufaste teneste.

Fotland bedehus har i 25 år vore den trygge ramma for Fotland barnehage. Fellesrådet er svært takksame for at ein i alle desse åra har fått leigd lokale der. Men Fotland bedehus vart ikkje bygd med tanke på barnehagedrift. Krava til slike bygg har auka med tida, og nå stod ein ved eit vegskilje, der vidare drift ville krevd store investeringar i bygg, parkeringstihøve og liknande. Med usikker tidshorisont ville det vera svært risikabelt for huseigar å gjera investeringar i hundre-

tusenkroneklassen.

Alt i alt vart det vurdert slik at nå var tida komen til å leggja inn årene. Mange vil tykkja det er trist, men ein sit også igjen med takksemd og gode minne for alle åra Fotland barnehage har vore og for det han har betydd for dei som har trødd sine barnesko der.

Mange var innom på den opne dagen 17. juni for grilling og mimring om tida om var. Då var det rom for både glede og sorg, og det var ikkje for ingen ting at dagen vart kalla «**Litt trist fest på Fotland**».

*Tekst: Olav Vegard Søyland
Bileta frå "festen": Geir Fotland*



Trusopplæring i Den norske kyrkja



Trusopplæring i ei ny tid

Trusopplæring har alltid vore ein viktig del av det kyrkjelege arbeidet i landet vårt, både i heimen og i skulen.

Det første formelle arbeidet begynte med innføringa av konfirmasjonen i 1736. Då gjekk opplæring i den kristne trua hand i hand med lese- og skriveopplæringa. Mykje har endra seg sidan då, både korleis samfunnet er og fungerer og i forhold til korleis ein ser på og behandlar barn og unge.

Kristendomsopplæringa var skulen sitt arbeid heilt fram til 1969 då kyrkja overtok dette sjølv. Det har vorte prøva og feila mykje i åra som har gått. Frå 1969 og fram til trusopplæringsreforma kom i 2004 var det ein viktig utviklingsprosess i kyrkjelege organ og i dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane med sikte på ei systematisk opplæring retta mot alle døypte.

Vi har i 10 år vore ein del av trusopplæringsreforma. Som ein av fem stader i landet fekk vi prosjektmidlar i 2004 og gjekk i gang. Det har vore hardt arbeid, og vi er ennå ikkje i mål. Mange gleder, store frustrasjonar. Frivillige og tilsette saman.

Dyktige medarbeidarar har slutta, nye har kome til. Hausten 2013 vart heile Jæren prosti innlemma i trusopplæringsreforma. Det er nye tider for trusopplæringa på Jæren. Vil du vera med? **Du – ein trusopplærar?**

Vi er i gang med å utarbeida ein plan for all trusopplæring 0-18 år i kyrkjelydane våre. Den byggjer på alt det gode arbeidet som blir drive, men vi treng hjelp.

Kva fungerer? Kva kan forbeistrast? Kva har vi ikkje tenkt på? Kva ynskjer du for dine barn, barnebarn, naboar eller venner? Kva bør barna læra av bibeltekstar og songar? Kva skal vi saman med tre-åringen undra oss over? Kva er viktig å formidla av kristne tradisjonar og verdiar? Korleis hjelpa barn og unge til livstolkning og livsmeistring? Korleis kan vi inkludera alle? Vi vil gjerne ha innspel frå deg.


Ingfrid Time Nærland

Kontinuerleg arbeid

Det kontinuerlege arbeidet for born og unge i kyrkjelydane går sin gang. Tusen takk til alle som er med og bidreg!



Trusopplæringstiltak hausten 2014 Time og Undheim



Fire samlingar for 11-åringar/6. trinn:

Kode B (nytt tilbod)

På oppdagarferd i verdas meste leste bok

Oppstart 8. september



Velkomen til


Katalysatorkveld for trusopplæring

tysdag 30. september 19.00 - 21.00 i peisestova i Bryne kyrkje



For 10-åringar/5. trinn:

Overnatting i Bryne kyrkje
31.10-02.11 og fire samlingar



For 10-åringar/5. trinn:

Overnatting i Time kyrkje
17-19. okt. og fire samlingar

For 4-åringar:

Barnebibel og adventsklubb
Utdeling av barnebibel til 4. åringane
16. november: **Bryne kyrkje**
23. november: **Rosseland skule**

For 4-åringar:

Barnebibel og adventsklubb
Utdeling av barnebibel til 4. åringane
16. november: **Time kyrkje**
23. november: **Lye forsamlingshus**
23. november: **Undheim kyrkje**
2-3 samlingar i adventsklubb etter utdelingane



VANN FORANDRER ALT



Marit Høie Hetland og ordførar Reinert Kverneland

«Det er kjekt å samarbeida om å hjelpa menneske i naud»

I år er NRK sin nasjonale TV-aksjon gitt til Kirkens Nødhjelp.

I Time er det etablert ein eigen komité som førebur TV-aksjonen lokalt. Komitéen vert leia av ordførar Reinert Kverneland. «Det er alltid spennande å sjå kven som vert mottakarorganisasjon, og eg tykkjer det er flott at Kirkens Nødhjelp fekk TV-aksjonen dette året», seier ordføraren. «Sidan Kirkens Nødhjelp er eigd av eit breitt kyrkjenettverk, og det er kyrkjene som har TV-aksjonen i år, vart det naturleg å kontakta kyrkja i Time for å høyra om dei ville samarbeida om innsamlinga», held han fram.



Marit Høie Hetland arbeider som diakon i kyrkja. Ho fortel at då ho vart kontakta om å bidra i årets TV-innsamling, var det sjølsagt å svara ja til det. Dei to er einige om at det er veldig kjekt at kyrkja og kommunen kan samarbeida om dette. Temaet for årets TV-aksjon er «Vann forandrar alt». Målet er at

Fakta om å vere bøsseberar i Time:

TV-aksjonen er søndag 19. oktober 2014

-Du kan melda deg som bøsseberar via <http://blimed.no> eller tlf. 02025, eller senda ein e-post til janne.berit.nese@time.kommune.no

-Det trengst bøsseberarar frå alle skulekrinsane i kommunen, men behovet er størst på Bryne, Kverneland og Lye

-Bøsseberarane i Time går ut kl 15.00

-Oppmøtestad for bøsseberarane varierer alt etter kva krins du ønskjer å gå i. Du vert kontakta nærare om stad og tidspunkt for oppmøte. Opplys difor om namn, adresse, mobilnummer, e-postadresse

-I Time vart det i fjor samla inn 736 378 kroner, det vil seia 42,23 kr per innbyggjar

dei innsamla midlane skal sikra varig tilgang til reint vatn for over 1 million menneske i Sudan, Sør-Sudan, Etiopia, Somalia, Tanzania, Afghanistan, Pakistan og Haiti. Alt som vert samla inn gjennom TV-aksjonen, er øymerkt til dette formålet. «TV-aksjonen er ein flott felles dugnad der mykje godt frivillig engasjement vert henta fram hjå folk», seier ordføraren. Marit Høie Hetland er einig i dette. Ho meiner det verkeleg gjer ein forskjell når kvar enkelt er med og gjer ein innsats for TV-aksjonen. «Eg håpar at me som høyrer til kyrkjene i Time, uansett kva kyrkje me er medlem i, vil vera med og applaudera den store tilliten me har fått ved å verta valt som mottakarorganisasjon», seier Høie Hetland engasjert.

Treng bøsseberarar

Både ordføraren og Høie Hetland oppfordrar folk til å melda seg som bøsseberarar på aksjonsdagen 19. oktober. «Me er heilt avhengige av at frivillige melder seg til å gå med bøsse», forklarar dei. «Me treng mange bøsseberarar for å få dør til dør- aksjonen i hamn. Det er mange menneske som lir i verda i dag, og då vert det viktig at me trør litt utanfor komfortsona vår og støttar opp om dette flotte humanitære arbeidet. Nå har me sjansen til det», avsluttar dei. Begge to håpar på at mange av Helgedagen sine lesarar melder seg som bøsseberarar.



Bryne Kyrkja

Bibel-kveldar Hausten 2014

Bryne sokneråd er ansvarleg for tiltaket.

Ein komité står for planlegging og gjennomføring: Brit Frøyland, Kjell Ragnar Thu og Jens Olav Mæland.

Apostel-gjeringane og ekko frå breva

Også denne hausten vil kyrkjelyden ha fokus på Apostelgjeringane, men med ei ny vinkling: Me vil også ta med ekkoet frå Paulus sine brev.

Opplegget byr på 4 tysdags-kveldar frå 30. september til 11. november.

Desse vil stå føre undervisninga:

Ragnar Skottene, prof. i teologi ved UiS. Jostein Ådna, prof. i NT ved Misjonshøgsk. Stein Ødegård, s.prest i Bryne. Hans Austnaberg, praktikumsrektor MHS. Jens Olav Mæland, tidl. lærar ved Fjellhaug Skoler og s.pr., vil prøva å "halda tråden".

Stad: Bryne kyrkje.

Tid: Tysdagar, 30/9, 14/10, 28/10 og 11/11. Me tek til kl. 19.00, og held fram til kl. 21.15.

Undervisning: To undervisningstimar kvar kveld, med kaffi/te-pause mellom. Det blir høve til spørsmål/samtale.

Apostelgjeringane – og apostelen sine brev - vitnar om dei første kristne sin utfordrande situasjon.

Dei fortel om korleis evangeliet braut seg veg i det romerske imperiet som var prega av innfløkt heidensk kultur.

Kva var løyndomen i den kristne trua?

Dette og mykje meir vil me koma inn på under desse kveldane. Og me vil heile tida prøva å sjå oss sjølve og vår situasjon i lys av dette.

Påmelding til Kyrkjekontoret, tlf.51770377.

E-post: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no.

Det er fullt høve til å bli med på einskildkveldar.

Betaling: kr 50,- per kveld.

Undervisningsmateriale blir utdelt undervegs.

Ønske: At bibelgrupper og/eller foreiningar legg sine samlingar til desse kveldane!?

Program:

30. sept	Kl 19.00	Jens Olav Mæland: Paulus i Efesus – veldige utfordringar.. (Apg kap 19)
	Kl 20.10	Stein Ødegård: Hovedtankar i Ef.brevet: Kyrkja sitt fundament, eigenart og einskap
14. okt	Kl 19.00	Ragnar Skottene: Paulus i Filippi; inngang og dramatikk (Apg kap 16)
	Kl 20.10	Ragnar Skottene: Hovedtankar i Filipperbrevet
28. okt	Kl 19.00	Jostein Ådna: Paulus sine utfordringar i Korint (Apg 18 og trekk frå breva)
	Kl 20.10	Jostein Ådna: Paulus sin bodskap til kyrkjelyden i Korint
11. nov	Kl 19.00	Jens Olav Mæland: Høyrring i Caesarea og møtet med den politiske eliten (Apg 25-26)
	Kl 20.10	Hans Austnaberg: På veg til Roma – og kva som skjedde der og sidan (Apg kap 27-28)



Torsdags-Treff i Bryne kyrkje Hausten 2014

Målgruppe: Pluss/minus 60

Tid og stad:

Klokka 14.30-16.30

19. sep, 17. okt, 21. nov. og 12. des.

Samlingane blir i kjellarstova i kyrkja.

Kva me vil:

At alle pluss/minus 60 skal kjenna seg velkomne og trivast!

Korleis me skal ha det:

"Kultur"-innslag (eit tema)

Ei lita songstund med songar som gir gjenkjenning.

Matøkt – og drøs. Andakt

18. sep	Øyvind Lutro og Kari Ree: «Alf Prøysen – visediktar for heile folket».» Songstund og matøkt. Andakt.
16. okt	Hilde Garlid: «Bygda og byen – sett frå redaktørstolen i Jær- bladet» Songstund og matøkt. Andakt.
20. nov	Jens Olav Mæland: «Spor av Hans Nielsen Hauge på Jæren». Sangstund og matøkt. Andakt.



"Søndagstreff"

Bryne kyrkje

KI 18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova i

KI 19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Søndag 21. september

Søndag 19. oktober

Søndag 16. november

Søndag 7. desember

Arrangementet er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming



Lye forsamlingshus

Forsamlingsweekend på Tonstadli

14. 16. november

Både store og små er velkomne til å bli med på forsamlingsweekend. Det blir fokus på fellesskap og det å vera saman, god mat, aktivitetar og samlingar for liten og stor. Vi leiger Tonstadbadet nokre timar på laurdagen.

Denne helga er ein god muligheit til å bli betre kjent med folk i forsamlinga!

Opplev det rotekte Thailand!

Ny tur for Jæren prosti til Thailand i jan/feb 2016



Den kjente Broen over Kwai

Høsten 2012 arrangerte prest, redaktør og forfatter Egil S. Eide en prosti-tur til Thailand for menighetene i Jæren prosti. Det ble en fantastisk flott tur som deltakerne ser tilbake på med stor glede!

Egil S. Eide og undertegnede, som prost i Jæren prosti, vil igjen ønske velkommen til en tur til Thailand. Denne gangen går turen til andre steder, nemlig til Nord-Øst Thailand, det rotekte Thailand. Vi vil besøke mange severdigheter, få innblikk i kirke- og misjonsarbeid, besøke skoleinternatet i Phibun, besøke kirka der, bli kjent med land, folk, religion og kultur. Vi kommer også til Bangkok og vil bl.a. besøke

misjonsarbeidet i slummen der. Eksakte datoer for turen er ikke mulig å fastsette enda, men turen vil bli i månedsskiftet januar/februar 2016. Den vil vare 14-15 dager. Så sett av denne tiden i kalenderen og bli med! Inviter andre i menigheten hos dere eller venner.

Mer detaljer, opplegg og program, samt dato for et informasjons- og påmeldingsmøte vil følge seinere.

Mvh. Kjell Børge Tjemsland
Prost, Jæren prosti

ALLEHELGENSPROGRAM I TIME KYRKJE

LAURDAG 2. november

Open kyrkje – stikk innom og få ein kaffikopp...

"Ord og tonar til håp og trøyst"

11.00 – 14.00

Kyrkja og kyrkjetoget har ope, og du er velkomen innom for å få deg ein kopp kaffi og noko å bita i medan du besøkjer grava. Skulle du ønskja det, kan du tenna eit lys. Vi har og tid til samtale

12.00 -13.00

Program: "Ord og tonar til håp og trøyst"
Dikt og skriftlesing.
Orgeltonar ved Per Olav Egeland.



Arr. Time diakoniutval

HAUSTFEST

FOR ALLE OVER 60

Bryne kyrkje
Søndag 26.oktober kl 1500



Program

- Song av Frimenn
- Kåseri av Leif Andenes
- Andakt av Hans Austnaberg
- Innslag av Kulturskulen

Allsong, god mat, kaffi og drøs!

Treng du skyss, kontakt kyrkjekontoret tlf: 51770377

Alle velkomne!

Arr. Bryne diakoniutval



Leirer på Ognatun, hausten 2014

Førjulsleir 1	2.-4. kl	21.-23. nov	Påm. frist 27. okt
Førjulsleir 2	3.-5. kl	28.-30. nov	Påm. frist 3. nov
Førjulsleir 3	5.-7. kl	12.-14. des	Påm. frist 17. nov

Pris: 750 kr

Påmelding: tlf. 51 79 38 80, E-post: rogaland@imf.no
Heimeside: imfrogaland.no



 BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520	 TRYKKERI & DESIGN	 Fossveien 3, 4370 Egersund tlf. 51 46 17 00
 når resultatet er viktig	KLAR FOR OPPDRAG AV ALLE SLAG ROY FRODE MONGE 90 11 66 41 rfm@rogenes.no ODD KÅRE RØGENES 90 94 01 80 okr@rogenes.no BYGGMESTER FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET RØGENES & Co A/S	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS ek Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGNSERVICE 971 78 180
	FreteX Butikksalg Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50 www.fretex.no . Opningstider: man/fre kl 10.00 - 18.00 lørdag kl 10.00 - 15.00	 Forsikringsmegling as
	 Grødelandvegen 28 - Tlf: 917 30 249 Graving – Transport – Singel – Grus – Solla jord	 JÆREN HOTELL
 Håland 8-22 (9-20) Hognestadvegen 90 51 48 79 02	Korleis har du det... EIGENTLEG? Krisetelefon 815 33 300 SOS-Melding: www.kirkens-sos.no SOS-Chat: www.soschat.no  Kirkens SOS EIT MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST	 Den Norske Israelsmisjon Misjonsblad for Israel 6 nr i året - 240 kr Sjekk ut nettsiden vår! www.israelmisjonen.no
 Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til fikt ferdig, nytt badet. Les mer på www.byggelaget.no Byggelaget		
 Nærradioen med godt nytt Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22 Sender på FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9 www.jmradio.no Sendetider Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 Tirsdag: 08.30 - 09.00 Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00 19.30 - 21.00 Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45 Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid. Hebr. 13,8.		 BLIFADDER! www.blifadder.no ☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen



NMS Gjenbruk på Bryne

Parken Senter (tidlegare postlokala)

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne
tlf. 951 06 028

Opningstider:
mandag/fredag 10.00-17.00
laurdag 11.00-15.00

HANDEL MED MEINING



Fotland bedehus

Bønnemøte: 22. sep, 6. okt, 20. okt, 3. nov, 17. nov
Ope hus: 26. sep, 24. okt, 07. nov
Ungdomstreffen: 27. sep, 11. okt, 25. okt, 8. nov
Søndagsskule: 28. sep, 26. okt, 9. nov, 23. nov
Guttalag: 29. sep, 13. okt, 10. nov
Jenteforening: 30. sep, 14. okt, 11. nov
Normisjon møte: 05. okt, 02. nov

21. sep Hausttakkegudsteneste Time krk.
10. okt Basar
22.-26. okt Møteveke NLM



Sted: Bryne Frikyrkje, Ole Tjøttas veg 1, Bryne

Tid: Kl 19.30: 24. sep, 22. okt., 26. nov
Undervisning v/ Kjell Aanensen
(Tema 24. sep: "Sunt selvilde. Tenk sant om deg selv")
Kaffi og te. Kollekt

Praktisk undervisning for folk flest.
Nyttig kunnskap, sunne verdier.
En hjelp til mestring i livet og relasjonene
Arr: Livsmestring

NB! Lye forsamlingshus, Time, kyrkje, Fotland bedehus, Undheim kyrkje: Annonserte bibeltimar med Per Børge Hillestad er avlyst!

Sjømannskirken 150 år
Jubileumsbasar
Bryne kyrkje 17. okt. kl 1900



Geir Myklebust og fellesmusikken fra Frelsesarmeen blir med. Loddsalg, andakt, bevertning, allsang m. m.
Time sjømannskirke forening

Strikkekafé på Lye forsamlingshus



Det blir strikkekafé på Lye forsamlingshus til hausten. Den er for damer i alle aldrar. Ta med handarbeid eller kom bare for å drøsa! Datoane for haustens strikkekafé er:
18.9, 30.10, og 20.11 - kl 19.30
Sjå eiga Facebook-side for kaféen: <https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

Arr.: Diakonigruppa



Julemessa i Bryne kyrkje skal være 29. november

Det er ei stund til, men vi vil minne om at det bare er å sette i gang og planlegge og lage ting som vi kan selge eller lodde ut denne dagen. Har du lyst å være med på lagekvelder (tirsdager og torsdager framover), ta kontakt med Liv Torunn 951 56 623

Sett av 29. nov. allerede nå

Julemessekomitéen

TAR DU UTFORDRINGEN, NÅ?

Din livserfaring kan være til hjelp for andre.



Vi trenger flere frivillige til vaktrom i Stavanger!

Innføringskurs for telefonvakter, og for deg som vil chatte starter onsdag 1. oktober 2014. Kontakt Kirkens SOS i Rogaland snarest på tlf: 51 88 45 15/97 17 09 95 eller på epost.



www.kirkens-sos.no • epost: rogaland@kirkens-sos.no



Annenhver torsdag 19.00 – 21.00

18. sep, 2. okt, 16. okt, 30. okt, 13. nov, 27. nov

Alder: Fra 6. klasse

Modellflybygging og simulator, bil, fluebinding og elektro byggesett
Pizza

Misjonsambandet






Tirsdager 17.30 – 19.00

Fra 1. klasse og oppover: 23.9 - 30.9 - 14.10 - 21.10 - 28.10 - 4.11 - 11.11 - 18.11

NB! 25.11 Juleavslutning for heile familien

Sløydarbeid hver gang og forming annenhver gang

Bryne misjonslag
tilsluttet Misjonsambandet

 Torland Autoglass AS Storgata 41, 4340 Bryne Tlf. 47 93 55 16	 Tlf 40 04 21 22 Arne Garborgsv 36 www.pro-net.no • Datahjelp hjem på døren • • Databutikk og PC verksted •	aktiv. Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg! Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no Vi megler frem dine verdier www.aktiv.no
	 Jærvn. 152, 4340 Bryne - www.hauck.no 51 43 05 66 - 926 22 559	TIME SPAREBANK - for Jæren
 Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne	 Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net	Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01
 Tlf. 473 59 935 - per.hareland@lyse.net	 Heidi Bø Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	 Bryne Elektriske
	 I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20	
	 Coop Prix Lye · 51 48 81 74	 BØRGE UNDHEIM A/S KYLLINGOPPDRETT Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00 Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året
 AUTOMOBILT PÅ JÆREN Bernerveien 30, 4365 Nærbø www.reimeoglode.no Tlf. 51 79 10 10 post@reimeoglode.no	 AKTUELT OM DET SOM BETYR NOE misjon i tidende	 Jærveien 67 - Nærbø - Mosterøy - 09543 reha.no REIME & HAUGVALDSTAD Våre kunder skal ha det godt



KFUK-KFUM SPEIDERNE

Vi ønsker å invitere deg til

Speidaren Hausten 2014

Les meir på brynespeider.no

Bryne Kyrkja



HEILAGT SAMFUNN

KRISTNE HJELPER OG OPPMUNTRER
KARANDRE TIL Å HALDA FAST
PÅ TRUA GJENNOM ALLE FAST
LIVENS STORMAR,
HEILT TIL VI ER I HAMN
I HIMMELEN,
DER ALT ER GODT.

Familiefokus Hausten 2014

Gudstenester på Rosseland skule
31.08 | 29.09 | 26.10 | 23.11

facebook.com/familiefokus | brynekyrkja.no

Bryne Kyrkja



Er du glad i å synga? Bli med på

Forsongar-teneste i Bryne kyrkje

Inspirasjonssamling i kyrkja laurdag 27/9 kl 10-12
Sjå brynekyrkja.no for meir info



Vi ønsker å invitere deg til

Jungelkoret

Bryne kyrkje | hausten 2014

Annankvar torsdag kl. 17.15

facebook.com/jungelkoret | brynekyrkja.no/jungelkoret

Bryne Kyrkja

UK[®] 40

1974-2014

Bli med på ungKyrkja si

JUBILEUMSHELG 24.-26. oktober!

Fredag 24.okt kl.19:30

– Jubileumsfest «UNGKYRKJA 40 år»

Laurdag 25.okt kl.20:00

– Ungdomsarrangement med konsert

Sundag 26.okt kl.19:00

– Kveldsgudsteneste
Tema: «Entusiasme»

Sjå meir info på
www.brynekyrkja.no/UK40

VELKOMMEN!

Alle arrangement finn stad i Bryne kyrkje.



Ein livleg kristen gut



Helge Ask, ungdomsarbeidar på Lye

Helge Ask (20) er tilsett som ungdomsarbeidar på Lye forsamlingshus skuleåret 2014/15. Han er frå Nærbø, har gått både ungdomsskule og vidaregåande på Tryggheim, og var siste året elev på Rødde folkehøgskule.

- Kvifor er du ungdomsarbeidar på Lye, Helge?
- Fordi eg synest det verkar som ein veldig spennande jobb. Det er gildt å jobba med ungdom!
- Kva gler du deg mest til?
- Å bli kjent med ungdommane på Lye, og starte eit samarbeid og fellesskap med dei.
- Kva er din styrke som ungdomsarbeidar?

- Eg har alltid vore interessert i å læra om Gud og Bibelen, og har plukka med meg litt lærdom. Samstundes er eg interessert i folk og situasjonen deira, og har fått god erfaring gjennom samtalar med ungdom.

- Kva blir mest utfordrande?

- Godt spørsmål... Hmm...

Helge tenkjer seg godt om før han svarar.

- Eg trur det blir å passa på at det ikkje bare blir ein jobb som må gjerast, men at det blir noko personleg, at det blir ei åndeleg teneste for meg.

- Skal seia du er reflektert til å vere så ung! Har du forresten eit favorittvers frå Bibelen?

Nå kjem svaret raskt:

- Fil. 4.4!

- Kvifor?

- Det er så fint når Paulus seier at vi skal gleda oss i Herren alltid. Vi kan gleda oss i Jesus same korleis livet vårt er. Det er alltid ei glede i Jesus. Det er godt å ha det som ei rettesnor for livet.

- Klarar du beskriva deg sjølv med tre ord?

- Livleg... Og kristen... eg må ha med det... Og...

- Livleg kristen gut?

- Ja!

- Er det noko meir du har på hjartet som du ikkje har fått sagt?

- Eg ser fram til å begynna å jobba og bli kjent med ungdommane. Eg håpar eg kan utgjera ein forskjell for ungdommane, og at dei kan utgjera ein forskjell for meg... at både dei og eg kan veksa!

- Tusen takk for intervjuet, Helge, og Guds signing over tenesta!

Sigurd Idland

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-3/14

U	G	R	A	S	F	R	Ø
N	U	E	L	N	O	R	M
D	R	I	V	E	T	L	A
H	O	S	I	P	L	E	N
E	I	K	E	L	A	N	D
I	D	A	R	E	N	D	A
M	O	P	P	T	D	E	R

Vi fylgjer opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

HelgeKryssord-4/14 av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7	8
9	10	11	12	13	14	15	16
17	18	19	20	21	22	23	24
25	26	27	28	29	30	31	32
33	34	35	36	37	38	39	40
41	42	43	44	45	46	47	48
49	50	51	52	53	54	55	56
57	58	59	60	61	62	63	64

Lars var misjonær i Afrika. En dag møtte han en hekse-doktor langt inne i bushen, som bar på en stor tromme.

- Hva er det du skal? spurte misjonæren.

- Vi har ikke noe vann, svarte heksedoktoren.

- Jaha. Og nå tror du at du kan kalle på gudene med den trommen for å få det til å regne?

- Nei, jeg skal bare kalle på rørleggeren.

KAA

Vassrett

1. Kristen organisasjon
7. Galt
8. Fugl
10. Jentenamn
12. Rot
13. Preposisjon
15. Metall
16. Hissa
17. Neon (kj. teikn)
18. Vassplante

Loddrett

1. Preposisjon
2. Svært kraftig
3. Konjunksjon
4. Side
5. Ytra
6. Bedehus
9. Landleg
11. Voll
12. Ugras
13. Arbeidet for unge i kyrkja
14. Berit Hagen, (generalsekretær i Mellomkirkelig råd)
19. Nummer
20. Ofra

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time
kto.nr. 3325.39.13407
”Vi gjev” - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver
kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260
Stikk innom vår heimeside
http://www.time-kyrkja.no

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Ungdomspastor Johannes Kleppe (Bryne)
tlf. 951 42 602
Sokneprest Per Børge Hillestad (Undheim)
tlf. 934 42 919
Diakon Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Diakon Ingelin H Norbakken tlf. 48 19 03 18

Vigsling av utvida gravplass på Undheim



Utvida gravplass. Undheim har fått utvida gravplass - forkant av biletet. Den ”gamle” gravplassen og kyrkja ligg lenger bak i biletet

Den nye delen av gravplassen på Undheim er nær på ferdig. Utvidinga omfattar ca 4 mål og vil gi plass til om lag 300 nye graver. Det vil truleg dekkja trongen for nye graver på Undheim i minst 40 år framover.

I samband med utvidinga, har heile gravplassen vorte fiksa opp med ny planting, nye grusvegar og nye benkar og nye uttak for vatn. Det har vore gravplass på Undheim sidan 1922. Det er tydeleg at plassen er viktig og betyr mykje for folk. Derfor er det

gildt å merka seg at bygdefolket tykkjast å vera godt nøgde med det arbeidet som nå er gjort.

Rett etter hausttakkefesten i Undheim kyrkje 28. september, vil gravplassen verta vigsla. Seremonien vil også markera at gravplassen nå er klar til bruk. Prost Kjell Børge Tjemsland leier vigslinga, som mellom anna vil innehalda skriftlesing, bøn og salmesong. Me vonar og trur at mange vil ynskja å vera til stades for å markera denne historiske dagen på Undheim.

Olav Vegard Søyland



Bryne
Kto. 3325.20.11906



Støttegruppe ved samlivsbrot

Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

31.05.14: David Ingnar Fredriksen
15.06.14: Lilly Lokna Erland
10.08.14: Stine Alvern, Benjamin Edland
24.08.14: Linus Bruntveit, Mari Ødegård, Håkon Horpestad, Stella Birkeland Friestad

TIME KYRKJE

29.05.14: Nora Pedersen Fossfjell, Isabell Ueland
01.06.14: Aksel Øfsteng Sundnes, Kristina Nese Helland, Stian Kalberg Heskestad
08.06.14: Linus Hammervold Olsen, Ole Grødeland Horvei, Ane-Emilie Vatne Gaup
22.06.14: Christoffer Herveland Tjessem, Jens Håland, Mandius Hareland, Vilde Svendsen
29.06.14: Malin Torvund Tunheim, Norah Alea Håland
20.07.14: Carma Fossum, Jakob Thu Austnaberg
03.08.14: Bjørn Helge Serigstad Ege, Erle Haaland, Olivia May Skarheim Nield
24.08.14: Kristina Nevland Sveen, Linnea Ødegård, Rebekka Bjørnevold Mossige, Adrian Olsen

UNDHEIM KYRKJE

06.07.14: Elvin Dale Erga

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

15.06.14: Lill Sofie Friestad-Holen, Klepp krk.
17.08.14: Alma Caroline Tremlett Hansen, Bore kyrkje



VIGDE

31.05.14 Therese Torland og Alf-Ove Sør-Reime
31.05.14 Kjersti Egeland og Lars Martin Aasgård
07.06.14 Anne Ørbeck Rosseland og Karl Gunnar Dächert
07.06.14 Linda Håland og Trygve Gudmestad
14.06.14 Sara Johanne Stangeland og Tor Olav Høyekvam
14.06.14 Mona Brommeland og Andreas Budeng
14.06.14 Helene Hognestad og Gunnar Hognestad
14.06.14 Renate Ekeberg Kvía og Sveinung Kvía
26.06.14 Ingunn Kindervaag og Ketil Knutsen
28.06.14 Wenche Helen Malmin og Jan Foss
28.06.14 Hege Lørup og Geir Laksesvela
05.07.14 Sissel Ruud Borge og Rune Voll Herikstad
19.07.14 Ragnhild Espevik og Frode Byberg
19.07.14 Hanna Kverneland og Vegard Gjerde
02.08.14 Mari Håland og Vegard Snaunes
09.08.14 Ingrid Ropeid og Eirik Rugland
09.08.14 Tina Skaaland og Trygve Undheim
09.08.14 Lise Fischaa og Roald Norås
09.08.14 Runa Sofie Aarrestad og Kenneth Flatval Uleberg
16.08.14 Elin Holta og Espen Røssland
23.08.14 Miriam Haugland og Henning Bakken
24.08.14 Svanhild Bjørnevold og Kjell Inge Mossige



DØDE

Tor Morten Utsola, Jorina Bolme, Karin Haraldsvik, Arild Friestad, Margunn Hognestad Birkeland, Kjartan Mæland, Else Kirsten Alstadsæter, Jenny Pollestad, Anna Maria Vestly, Isak Garborg, Tenny Bull Frøyland, Ingrid Maria Oma, Torkel Serigstad, Kari Garvik, Karen Undheim, Ingrid Thorkildsen, Stein Undheim, Anfinn Lorentzen, Ivar Alstadsæther, Ragnar Kåre Jakobsen, Oleiv Garborg, Gunnar Høyland, Ida Torill Aarre

Begravelsesbyrå



Obed Bryne
Begravelsesbyrå

www.obed.no

tlf: 51 77 80 80

24-timers vakttelefon

Skulegata 9, 4340 Bryne

Vegen tilbake til Gud

”For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!”
Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydd på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

Et sted for frihet og forandring



Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon

TRENGER

DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermaterogaland@badeog.no
Besøksadresse: Oalsgt. 2, Sandnes
www.fermaterogaland.no



3. GENERASJON BEDEMANN

Arild Aase

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON



D Ø G N V A K T
51 97 29 00

Våre medarbeidere på Jæren
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting og Brikt Goa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

STEINAVDELING
GRAVMONUMENT
PLATER

www.krogedal.no




Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:
Sverre M. Lima 51 48 21 33

Jonas Frøyland 41 30 04 68

Gabriel Tengsareid 51 48 28 98

Ring før kl 10.00



Søndag 21. september

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 28. september

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 19.00

Søndag 5. oktober

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 12. oktober

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

Søndag 19. oktober

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 26. oktober-Bots –og bededag

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00

Søndag 2. november - Helgemesse

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Laurdag 8. november

Bryne kyrkje	kl 15.30
--------------	----------

Søndag 9. november

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

Søndag 16. november

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 18.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 23. november

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Rosseland skule	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 19.00

Matt. 5,38-48

Gudsteneste, Dåp, konfirmantpresentasjon, Jungelgjeng
Søndagstreff. Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Alle velkomne
Familiegudsteneste/Hausttakkefest, Dåp

Mark. 7,31-37

Gudsteneste
Familiegudst./Hausttakkefest, Dåp, Nattverd
Gudsteneste på torget. Potetfestival, Konfirmantpresentasjon
Kveldsgudsteneste. Tema: Entusiasme

Joh. 11,17-29 og 30-46

Gudsteneste, Dåp og Nattverd, Jungelgjeng
Gudsteneste, Nattverd

Matt. 8,14-17

Gudsteneste, Nattverd
Gudsteneste, Nattverd, Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste, Nattverd

Matt. 5,20-26

Familiegudst./ Hausttakkefest, Dåp, Misjonstivoli
Søndagstreff, Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Alle velkomne
Gudsteneste, Dåp

Luk. 13,22-30

Gudsteneste
Gudsteneste, Avskjed med Per Børge Hillestad, Nattverd, Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste m/ familiefokus, Nattverd
Kveldsgudsteneste, Tema: Entusiasme

Matt. 5,1-12

Gudsteneste, Nattverd, Jungelgjeng
Gudsteneste, Nattverd

Dåpsgudsteneste

Matt. 12,33-37

Gudsteneste, Nattverd
Gudst., Nattverd, Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste, Dåp og Nattverd, Jungelgjeng

Mark. 10,28-31

Forsamlingsweekend
Familiegudst., Dåp, Utdeling av 4 års bok
Søndagstreff, Arr. er tilrettelagt for menneske med utviklingshemming. Alle velkomne
Gudsteneste, Dåp, Utdeling av 4 års bok

Matt. 25,31-46

Familiegudsteneste, Utdeling av 4 års bok
Familiegudst. Dåp, Utdeling av 4 års bok og NT til 5. klasse
Gudst. m/ familiefokus, Utdeling av 4 års bok
Kveldsgudsteneste, Tema: Entusiasme